

# Rabbevågen barnehage

Vegsundvegen 62  
6020 Ålesund



Ålesund  
kommune

# Årsplan

2024  
2025

Open, engasjert  
og modig



# Rabbevågen barnehage

Årsplan 2024-2025  
Godkjent av SU 01.10.2024



Ålesund  
kommune

# Alle barn skal oppleve å bli sett, høyrt og kjenne seg verdifulle i eit inkluderande, stimulerande og lærande miljø.

Vi møter barna med  
respekt, likeverd, aksept, tillit og tiltru.

Personalet skal vere varme, tydelege og  
omsorgsfulle rollemodellar, og vise ekte  
interesse for det enkelte barn - fordi kvart  
enkelt barn er unikt.

Vi støtter og rettleiar borna, slik at dei får  
utfordringar tilpassa alder, utvikling og behov.

Det fysiske miljøet og planlegging av dagen  
skal gi gode moglegheiter til leik og samspel  
mellom barna.

Ved å dele inn i mindre grupper kan vi tilpasse  
det pedagogisk opplegget og aktivitetane godt.

Borna skal få impulsar og inspirasjon til å sette i  
gang eller vidareutvikle leiken.

Kvart enkelt barn skal bli inkludert i  
leik og samspel.

Eit godt og nært samarbeid med borna sine  
føresette er svært viktig for oss.





# Rabbevågen barnehage

Rabbevågen barnehage opna desember 2008 og ligg i Ålesund i bydelen Vegsund. Barnehagen er flott plassert i nærleiken av Stafsethneset friluftsområde som byr på rike moglegheiter til allsidige og utfordrande opplevingar. Dette inneber at det å nyte nærmiljø og naturen vil vere ein viktig del av barnehagen og det pedagogiske arbeidet. Vi går mykje på tur i skogen og i fjøra.

Barnehagen sin leikeplass er ein kombinasjon av leikeapparat og fallmatter, asfaltert sykkelveg og kupert terreng og skog. Dette bidreg til at både små og store barn kan få oppleve naturen til dagleg, og dei får tilpassa motoriske utfordringar.

Barnehagen er godkjent for 90 plassar.

Barnehagen gir eit pedagogisk tilrettelagt tilbod til barn i alderen (0) 1-6 år. Barna er fordelt på fire avdelingar ut ifrå alder, dette er Gul, Oransje, Blå og Grøn gruppe.



## Barnehagen - ei pedagogisk verksemd

Innhaldet skal planleggast og vurderast. Barnehagen sitt pedagogiske arbeid skal vere grunngjeven i Barnehagelova og i Rammeplanen. Med utgangspunkt i Rammeplanen skal barnehagen sitt samarbeidsutval fastsetje ein årsplan for den pedagogiske verksemda.

Det vert utarbeidd ein årsplan for kvart barnehageår i kvar barnehage. Årsplanen vert publisert på nett og sendt ut på e-post til alle foreldre og føresette når den er fastsett. Årsplanen ligg til grunn for vidare arbeid med planar for kortare og lengre tidsrom, og for ulike barnegrupper ved behov.

## Årsplanen sin funksjon

Årsplanen skal synleggjere korleis barnehagen omsett barnehagelova i praksis, og arbeider målretta for å sikre det pedagogiske arbeidet.

Ifølgje rammeplanen har planlegging av barnehagen sitt innhald og arbeid fleire funksjonar:


- Personalet får grunnlag til å tenke og handle systematisk i det pedagogiske arbeidet
- Det gjev kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppa
- Synleggjer barnehagen si tolking og realisering av rammeplanen
- Gjev utgangspunkt for refleksjon og utvikling av verksemda

Barnehagen sin årsplan er også eit viktig dokument for eigar og myndighetene si oppfølging og tilsyn med barnehagen. Den er nyttig å bruke i samarbeid med føresette og andre samarbeidspartnarar.

# ? Kva er føremålet med barnehagen sin årsplan

«Årsplanen er eit arbeidsreiskap for barnehagepersonalet og dokumenterer vala og grunngivingane til barnehagen»

Rammeplan for barnehagen 2017



«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen.

Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering»

Lov om barnehager, 2005, §1. Formål

# Samarbeid med heimen

Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg.


For å sikre samarbeid med heimen, skal kvar barnehage ha eit samarbeidsutval.

Samarbeidsutvalet (SU) skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Samarbeidsutvalet består av foreldre/føresette og tilsette i barnehagen, slik at kvar gruppe er likt representert.

Barnehagen sin eigar kan delta etter eige ønske, men ikkje med fleire representantar enn i kvar av dei andre gruppene.

Barnehageeigar skal syte for at saker av viktigkeit vert lagt føre for foreldrerådet og samarbeidsutvalet. Eigar av barnehagen er Ålesund kommune representert av verksemdsleiar Marthe Lundemo.

SU er eit bindeledd mellom foreldra og barnehagen. Dei tek opp saker som opptek foreldra. Dei skal mellom anna godkjenne denne årsplanen, dei har ansvar for fana på 17 mai og arrangerer sommarfest i juni.



## Foreldresamtalen

Vi har foreldresamtaler haust og vår og ellers ved behov. Dersom anten foreldre eller pedagog meiner det er behov for eit møte så avtalar vi det.

Det er pedagogane som har ansvaret for å gjennomføre samtalane. Dei bruker mykje tid på forberedelsar til desse samtalane så det er viktig at de kjem til avtalt tid.

## Foreldremøte

Vi har foreldremøte på hausten (12 sept) for alle foreldra og på våren for nye foreldre (22 mai). Vi prøver å legge opp til at de får naudsynt informasjon samtidig som det skal vere kjekt å delta på.

Vi vil ha ein eigen del for dei som er skulestartarar.

# Den daglege kontakta

Den daglege kontakta er den kontakta de som foreldre har med barnehagepersonell ved levering og henting. Det er viktig for personalet og vite litt om korleis natta og morgonen har vore. Dette fordi det vert lettare å møte barnet på rett måte. Har barnet til dømes sove dårlig så må vi kanskje avtale endring av sovetid i bhg, kanskje vi må vere ekstra oppmerksame på allmenntilstand eller ha litt lav terskel på å ringe heim.

Ved hentetid vil vi kanskje seie litt om korleis barnet har hatt det i barnehagen. Kanskje dele nokre fine opplevingar vi har hatt saman med barnet, eller kanskje var det noko litt dumt som skjedde. Kanskje han/ho slo seg, eller havna i ei konflikt med eit anna barn eller kanskje han/ho har ete litt dårlig eller liknande. Dette kan ha konsekvensar for korleis ettermiddagen heime blir, så det er viktig å få litt informasjon om dagen.

Som de sikkert skjønar så er det mange viktige ting som barnehagepersonalet skal passe på og følge med på slik at dei kan gi denne viktige informasjonen ved hentetid. Og kanskje forsvinner det eit par vottar eller støvlar i løpet av dagen men då er det viktig å tenke på at det er viktigare at personalet har fokus på borna og alt som kan påvirke dei i løpet av dagen, og er kle og utstyr merka så dukker det som regel oppatt. Det er i alle fall svært sjeldan at vi har tjuvar inne i bhg.



# Kommunikasjon, språk og tekst

«Gjennom arbeid med fagområdet skal barnehagen bidra til at barna får utforske og utvikle språkforståinga, språkkompetansen og eit mangfald av kommunikasjonsformer»

Rammeplan for barnehagen 2017

Vi skal innføre «Alternativ supplerande kommunikasjon» (ASK) på alle grupper. Dette skal forsterke språket både teikn til tale og visuell bildestøtte. Borna som ikkje har verbalt språk får større rom til å uttrykke behov og kjensler. Personale nyttar til dømes snakkesmykker; kort med bilet på.

ASK er naudsynt for nokon og bra for alle.

Vi les mykje bøker og har tekst og språk synleg og tilgjengeleg i kvardegen. Borna skal oppleve at vi kan bruke tekst til å kommunisere. Dette ser vi igjen i leiken ved at dei mellom anna «leikeskriver».

Vi har Alf Prøysen som tema på alle grupper i år. Borna får bli kjend med mellom anna Nøtteliten, Teskje-kjerringa, Geitekillingen som kunne telle til ti, Musa i bua og mange fleire.

Prøysen har gode tekstar som står seg som vi meiner er viktige å vidareføre til neste generasjon.



# Kropp, rørsle, mat og helse

«Barnehagen skal leggje til rette for at alle barn kan oppleve rørsleglede, matglede og matkultur, mentalt og sosialt velvære og fysisk og psykisk helse.»

*Rammeplan for barnehagen 2017*

Med eit allsidig uteområde og varierte turmål i nærleiken får borna mykje motorisk trening. Vi er mykje ute i allslags vær. Borna får tilpassa utfordringar og vi er opptekne av at borna skal kjenne meistring.

Vi tilbyr eit sunt og variert kosthald. Det vil bli servert minst eit varmmåltid i veka med fokus nye smakar.

Dei eldste borna skal også få vere med på å tilberede maten. Dette er ein del av progresjonsløpet. Vi serverer frukt og grønt kvar dag og følger anbefalingane til helsedirektoratet.

## Psykisk helse : «Livet og sånn»



[www.livetogsann.no](http://www.livetogsann.no)

Ålesund kommune har vore med å utvikla programmet «Livet og sånn» til arbeid med barn og unge si psykiske helse. Borna skal lære om livsmeistring og helse. Dei vil møte dette programmet i heile grunnskulen. Inne på [livetogsann.no](http://livetogsann.no) finn de ein eigen del for dykk vaksne.

## Redd barna: «Kroppen min eier jeg»

Vi nyttar dessutan Redd barna sitt program «Kroppen min eier jeg». Her lærer borna kva krenkelsar er og kva dei skal gjere dersom dei opplever dette.



[tv.nrk.no/serie/tema-overgrep](http://tv.nrk.no/serie/tema-overgrep)

# Kunst, kultur, og kreativitet

«I barnehagen skal barna få estetiske erfaringar med kunst og kultur i ulike former og organisert på måtar som gir barna høve til utforsking, fordjuping og progresjon»

Rammeplan for barnehagen 2017

Vi skal arrangere basar i oktober. Det blir kaffe, kake og tombola med gevinstar. Inntektene går til eit veldedig formål.  
I år har vi bestemt oss for sykehusklovnene.

Vi jobbar med Alf Prøysen og dei flotte tekstane han har laga.  
Dette vil gi borna ei felles leike-referanse. Barn og vaksne er med på å dramatisere og leike ut tekstane.

Mange av formingsaktivitetane skal vi også knytte opp mot tekstane til Alf Prøysen.

Kanskje barna ikkje har vore på basar før? Før basaren skal vi derfor lese om teskje-kjærringa som skulle på basar.

Borna skal lage kunst som vert premiar på basaren.

Vi har eige atelier der borna får tilgang på ei mengde med ulike materiell.  
Det er viktig at borna får nytte fantasien sin i formingsaktivitetar.



# Natur, miljø og teknologi

«Barnehagen skal bidra til at barna blir glade i naturen og får erfaringar med naturen som fremjar evna til å orientere seg og vere i naturen til ulike årstider»

Rammeplan for barnehagen 2017

Vi nyttar turområdet ved Stafsethneset til mykje variert naturfagleg innhald. Her er både skog og fjøre. Eit rikt dyreliv med både småkryp, fiskar, krabber, ekorn, ender og andre fuglar og mykje meir. Våre pedagogar har mykje naturfagleg kunnskap og er flinke til å undre seg saman med borna om livet i naturen.



# Mengd, rom og form

Tall og telling er noko borna er opptatt av.


Vi har tilgjengelig og synleg ulike former for tall og telling. Leiker har sin faste plass og borna er med på å sortere og rydde.

Vi har alderstilpassa leiker som lærer borna skilnadar og likskapar på ting, stor og liten, bak, framom, opp på og under osv.

For førskuleborna nyttar vi "trampoline"-boka. her er det mykje sortering, mønster og andre oppgåver som inngår i dette fagområdet.

Å sortere og lage mønster ser vi at bar interesserer seg for frå dei er ganske små. Det kan vere å sette alle bilane i ei bestemt rekkefølge, lage mønster med nab bipærler og oppdage at kle eller tekstilar har mønster i seg.

Her fletter vi også historier frå Alf Prøysen universet inn i arbeidet. Geitekillingen som kunne telje til 10, og musa i bua som går over, under, gjennom osv. er døme på historier som vi nyttar i dette fagområdet.



«Barnehagen skal synleggjere samanhengar og leggje til rette for at barna kan utforske og oppdage matematikk i daglelivet»

# Etikk religion og filosofi

«Gjennom å samtale om og undre seg over eksistensielle, etiske og filosofiske spørsmål skal barn få høve til sjølve å formulere spørsmål, lytte til andre, reflektere og finne svar. Slik skal barnehagen bidra til å leggje grunnlag for kritisk tenking og dømmekraft.»

Rammeplan for barnehagen 2017

Vi har ein vanleg formålsparagraf som seier at vi skal arbeide etter kristen og humanistiske verdiar.

Vi markerer dei store høgtidene jul og påske etter kristne tradisjonar og vi vil fortelje historiene uten å forkynne. Vi har mange religioner i barnegruppa og vil markere dei største og viktigaste begiverheitene som td EID. Dette krever eit tett foreldresamarbeid for at vi skal få til så det er viktig at foreldra forteller oss kva som er viktig for dei og kva dei vil at vi skal markere

Det er viktig at vi møter alle borna med eit åpent sinn og undrar oss saman med dei om livets store spørsmål etterkvart som borna tek initiaiv til det.

Vi har besøk frå kyrkja ved jul og påskehøgtida.



Det å vere snille med kvarandre er noko som vi finn att i alle religionar og kulturar. Vi lærer borna å ta vare på kvarande, hjelpe dei som er mindre enn oss.

Trøyste nokon som har det vondt og vere ein god venn.

Vi vil lære borna at uansett bakgrunn, funksjonsevne, etnisitet, alder, kjønn osv er vi alle like verdifulle og viktige.

# Nærmiljø og samfunn

«Barnehagen skal bidra til kunnskap om og erfaring med lokale tradisjonar, samfunnsinstitusjonar og yrke, slik at barna kan oppleve tilhørsle til nærmiljøet. Kulturelt mangfald, ulike levemåtar og forskjellige familieformer er ein del av fagområdet. Gjennom leik og varierte aktivitetar skal barna få erfaring med å lytte, forhandle og diskutere og få gryande kjennskap til menneskerettane.»

Rammeplan for barnehagen 2017

I nærmiljøet våra har vi Stafsethneset som vi nyttar fleire gongar i veka. Der kan vi også observere dei store skipa på Vegsund slip.

Bossbilen er for dei fleste vekas store happening. Då stiller vi oss pent på rad for å å sjå når dei store dunkane vert velta opp i bilen. Borna får erfaringar med at det fins ulike yrker og at vi har ulike oppgåver.

Av og til kjem vaktmesteren innom og for nokon er det veldig spennande.

Vi har eit rikt kulturellt mangfald i barnehagen og det dreg vi stor nytte av. Borna skal lære at det her ein verdi å kjenne til ulike kulturar og levesett.

I Livet og sånn vert vi kjent med mange ulike famileformer. Det kan til dømes vere familer med anna etnisk bakgrunn enn norsk, familar med ein voksen, familar med to vaksne av samme kjønn, familiar der ein voksen er sjuk, familiar der eit barn er sjuk og mange fleire.



## Alf Prøysen

Vi skal jobbe med Alf Prøysen sine tekstar; ulike eventyr, songar og regler gjennom heile året. Prøysen har dikta mange av dei kjente norske barnesangane. Dei er godt skrive og borna vert kjent både med kulturhistorie og leik med språk, rim og rytme.



24. Oktober arrangerer vi basar der inntektene går til Sykehuklevnene. I forkant av basaren les vi Prøysen si historie: «Teskjekjæringa på basar».

## Regional ordning for kompetanseheving i barnehagen

**ReKomp** er eit uviklingsarbeid i barnehagen som strekker seg over fleire år. Det er eit samarbeid mellom barnehagane og høgskulen i Volda. Vi får rettleiing frå faglærarar og deltek i eit nettverk med andre barnehagar.


Vi skal implementere “Alternativ supplerande kommunikasjon” (ASK). Dette er bildestøtte, teikn til tale og andre språkforsterkande middel som skal gi alle barn uansett språkferdigheiter moglegheit til å kommunisere. Vår problemstilling er:

**«Korleis legge til rette for gode overgangar ved hjelp av ASK.»**

Vårt fokus er språk og språkmiljø i barnehagen. Derfor passar det fint å bruke Alf Prøysen sine tekstar.

Vi kjem til å henge opp info om arbeidet på tavlene utanfor grøn gruppe. Her er det berre å kike for dei som har lyst.





**Miljøfyrtårn®**

# Miljøfyrtårn

Vi er sertifisert miljøfyrtårn og har kildesortering som borna er med på.

Borna får alderstilpassa opplæring i kildesortering.

## FN sine bærekraftsmål og barnekonvensjon

**1 UTRYDDE FATTIGDOM**



**2 UTRYDDE SVOLT**



**3 GOD HELSE OG LIVSKVALITET**



**4 GOD UTDANNING**



**5 LIKESTILLING MELLOM KJØNNA**



**6 REINT VATN OG GODE SANITÆRFORHOLD**



**7 REIN ENERGI TIL ALLE**



**8 ANSTENDIG ARBEID OG ØKONOMISK VEKST**



**9 INDUSTRI, INNOVASJON OG INFRASTRUKTUR**



**10 MINDRE ULIKSKAP**



**11 BEREKRAFTIGE BYAR OG LOKALSAMFUNN**



**12 ANSVARLEG FORBRUK OG PRODUKSJON**



**13 STOPPE KLIMAENDRINGANE**



**14 LIVET I HAVET**



**15 LIVET PÅ LAND**



**16 FRED, RETTFERD OG VELFUNGERANDE INSTITUSJONAR**



**17 SAMARBEID FOR Å NÅ MÅLA**



FN s barnekonvensjon seier noko om barn rettigheter og det tenker vi er viktig at barn veit noko om.

Det er barn som ikkje har det godt og dei barna må vi hjelpe.

Vi arrangerer basar der inntektene uavkorta går til velgjerdsarbeid lokalt her i Ålesund.

Rabbevågen barnehage vil formidle at det er viktig å ta vare på kvarande og jorda vi bur på. FN sine bærekraftsmål er ein naturleg del av dette og vi flettar dei inn i arbeidet i barnehagen.

# Samarbeid mellom barnehagen og andre instansar

«Regjeringen forventer – at kommuner og fylkeskommuner arbeider målretta for ein felles kultur for samarbeid på tvers av tenestene for å gi barn og unge som treng det, et helskapeleg tilbud. Godt tverrfaglig samarbeid handlar om at ulike fagmiljø arbeid saman og ser tilboda til barn og unge i samanheng.»

Meld.St. 6, 2019-2020

Barnehagane i Ålesund kommune samarbeider med desse instansane:  
PPT, barnevernstenesta, helsestasjonar, høgskular, barneskular, mm.

Rabbevågen barnehage kan ha samarbeid med m.a. desse bedriftene:

Blindheim Barneskule  
Grunnskuleteamet  
Høgskulen i Volda  
Blindheim idrettslag

Ålesund folkehøgskule  
Ålesund svømmeklubb  
Biblioteket på Moa  
Spjelkavik kyrkje

## Politiattest og vandel

Den som skal ansettes fast eller midlertidig i barnehage skal legge frem politiattest som nevnt i politiregisterloven § 39 første ledd.

Barnehageeier og kommunen som barnehagemyndighet kan kreve politiattest som nevnt i første ledd for andre personer som regelmessig oppholder seg i barnehagen eller har vesentlig innflytelse på barnehagens drift.

Personer som er dømt for seksuelle overgrep mot mindreårige er utelukket fra fast eller midlertidig ansettelse i barnehager. I andre tilfeller må konsekvensene av merknader på politiattesten vurderes i det enkelte tilfellet.

# Teieplikt, opplysningsplikt og avvergeplikt

«For virksomheter etter denne lov gjelder reglene om taushetsplikt i forvaltningsloven §§ 13 til 13 g tilsvarende.»

Barnehageloven § 44

For at vi skal møte barna på den beste måten, treng vi å vite om tilhøva, særskilde behov, hendingar som påverkar barnet. Teieplikta er ein viktig føresetnad for at dette skal skje på ein trygg måte for alle partar. God informasjon til oss er avgjerande for godt opphold, trivsel og utvikling i barnehagen.

Enhver som utfører tjeneste eller arbeid etter denne loven, skal i sitt arbeid være oppmerksom på forhold som kan føre til tiltak fra barnevernstjenesten.

Enhver som utfører tjeneste eller arbeid etter denne loven, skal uten hinder av taushetsplikt melde fra til barnevernstjenesten uten ugrunnet opphold

- a. når det er grunn til å tro at et barn blir eller vil bli mishandlet, utsatt for alvorlige mangler ved den daglige omsorgen eller annen alvorlig omsorgssvikt,
- b. når det er grunn til å tro at et barn har en livstruende eller annen alvorlig sykdom eller skade og ikke kommer til undersøkelse eller behandling,
- c. når det er grunn til å tro at et barn med nedsatt funksjonsevne eller et spesielt hjelptrengende barn ikke får dekket sitt særlige behov for behandling eller opplæring,
- d. når det er grunn til å tro at et barn blir eller vil bli utnyttet til menneskehandel.

Enhver som utfører tjeneste eller arbeid etter denne loven, plikter også å gi opplysninger etter pålegg i samsvar med barneversloven § 13-4.

Barnehageloven § 46

Ifølge straffelova §196, er einkvar forplikta til å søke å avverge ei straffbar handling eller følgjene av den, på eit tidspunkt då det framleis er mogleg, og det framstår som sikkert eller mest truleg at handlinga er eller vil bli begått.

Den generelle avvergingsplikta gjeld også tilsette i barnehagen.

# Oppstart i barnehagen

«Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn»

Rammeplan for barnehagen 2017

Alle nye barn blir inviterte til ein «bli kjent dag» i juni. Der barn og foreldre kan kome og gjere seg kjent med barnehagen. Dei får også helse på pedagogisk leiar som skal vere ansvarleg for barnegruppa i frå hausten neste barnehageår. Før sommarferien blir det avtalt dato og tid for oppstart og tilvenning. På foreldremøte for nye foreldre som vi har i mai får de utdelt eit hefte. I dette heftet står det dykk treng å vite om tilvenning.

## Byte av gruppe

Vi vil at overgangen til ny gruppe skal være god for barnet. Barna skal kjent med både barn og vaksne i den nye gruppa i forkant av byte. Det skjer ved fellesaktivitetar, besøksdagar og ved at kjente vaksne er med i overgangfasen. Vi har gjennom heile året eit tett samarbeid mellom gruppenene. Dette bidreg til at alle tilsette er kjende for borna.





## Overgang frå barnehage til skule

«Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt til skulefritidsordninga.»

*Rammeplan for barnehagen 2017*

I Ålesund kommune er det utarbeida ein plan for overgang frå barnehage til skule som alle dei kommunale barnehagane følgjer. Vi startar tidlig med å førebu borna til skulestart. Allereie på hausten har vi forskuleklubb 1-2 gongar i veka. Vi nyttar oppgåver frå trampoline som er eit hefte særlig utvikla for forskuleborn. Det er viktig at oppgåvene blir varierte. Det heile skal vere lystbetont og tilpassa borna sine ferdigheter. Her er vi ute etter at alle skal føle meistring.

Klubben er ein arena der borna skal få kjenne på ei «vi» - kjensle. Og ei kjensle av tilhørsle. Vi skal snakke om korleis vi skal te oss mot kvarandre og korleis vi kan vere gode førebilete for dei yngre borna. Vi nyttar «livet og sånn», «kroppen min eier jeg» og andre verkty for å lære borna om psykisk helse, grensesetting for eigen kropp og styrka sjølvkjensle.

Vi speler også mykje brettspel som er ein kjempefin måte å lære turtaking, tåle å tape, trenere opp hukommelse. Spel som Stigespelet, memory, villkatten, lydlotto mm er fine spel til å jobbe med desse utviklingsområda.

# Planlegging, vurdering og dokumentasjon

I Rabbevågen barnehage legg vi planar knyta til årshjul og prosjekt som vi har frå år til år. Det er viktig å ha planar som støttar barnas progresjon og utvikling, vi må derfor vere lydhøye og ha fokus på barnas rett til medverknad.

Vi må og ta omsyn til ytre faktorar som nærmiljø, menneskelege og økonomiske ressursar.

Barnehagen vurderer regelmessig det pedagogiske arbeidet for å sikre at alle barn får eit tilbod som er i tråd med barnehagelova og rammeplanen. Borna sin trivsel og allsidige utvikling skal observerast og vurderast fortløpende, og borna si erfaring og synspunkt skal inngå i vurderingsgrunnlaget. Vurderingsarbeidet byggast på refleksjonar og hele personalgruppa deltek. Det blir avsett tid til refleksjon på møter og planleggingsdagar. Vi vurderar også ut ifrå dei dokumentasjonane vi lagar.

Å dokumentere det barn og tilsette held på med i barnehagen er eit av dei viktigaste verktya vi nyttar i arbeidet vårt. Dokumentasjon i barnehagen hjelper oss til å stoppe opp og tenke over det vi gjer og lærer. Barnehagens dokumentasjon gir oss informasjon om barnas trivsel, læring og utvikling. Vi synleggjer kvardagen til borna gjennom bilet og tekst som vi heng opp i barnehagen eller legger ut i IST.

Eit etisk perspektiv vil alltid ligge til grunn ved dokumentasjon av barnegrupper og enkeltbarn, og personopplysningars behandlast i samsvar med personopplysningsloven. Vi kan ikkje legge ut bilet av ansikt for eksempel. Vi er bevisste på å ta bilet av situasjonar eller aktivitetar vi held på med, som ikkje viser ansikta til borna.

# Tilrettelegging for barn som treng ekstra støtte.

«Barnehagen skal tilpasse det allmennpedagogiske tilbodet etter barna sine behov og føresetnadar, også ved behov for ekstra støtte i kortare eller lengre periodar. Barnehagen skal arbeide målretta og systematisk for at barn som treng ekstra støtte får eit inkluderande og likeverdig tilbod, og slik vere ein del av eit meiningsfullt fellesskap.

Om det er grunn til å tru at barnet sitt behov ikkje kan dekkast innanfor det allmennpedagogiske tilbodet, skal barnehagen opplyse foreldra om retten til å krevje ei sakkyndig vurdering av om barnet har behov for spesialpedagogisk hjelp. Barnehagen skal sørge for at barn som mottek spesialpedagogisk hjelp, inkluderast i barnegruppa og i det allmennpedagogiske tilbodet. »

Rammeplan for barnehagen 2017

Vi tilrettelegger det allmenpedagogiske tilbodet for alle borna. Vi bytter om på personal, flytter på vakter, har tema som opptek enkeltbarnet, Har fokus på å skape forutsigbarhet i overgangar og mykje meir kan vi gjere innanfor det som vi reknar som det allmenpedagogiske tilbodet.

Av og til er ikkje det allmenpedagogiske tilbodet nok. Nokre born treng ekstra tilrettelegging. Vi samarbeider med PPT og team oppvekst som både tildeler ekstraressursar og spesialpedagogisk hjelp og samtidig er eit rådgivande organ som kan rådgje både barnehagepersonell og foreldre. I desse søknadsprosessane er det svært viktig å ha ein god dialog mellom barnehage og heim.

# Praktiske opplysningar

Opningstid kl. 07.00 – 17.00

## Rutinar ved levering og henting

Ved levering og henting av barnet skal det alltid tas kontakt med personalet. Dette er grunna tryggleiken til barna. Planlagde aktivitetar skjer mellom kl. 9.30 – 14.00. Når ein leverer barnet kler ein av det ev. uteklede og blir med barnet inn på gruppa.

Om det er andre enn foreldra som skal hente barnet gir de beskjed til personalet.

Om barnet kjem seinare enn kl. 09.30, ringer de og gir beskjed.

Dette er i tilfelle vi skal på tur, eller har eit anna opplegg.

Dersom barnet ikkje kjem i barnehagen så må de gi beskjed så tidleg som mogleg, og helst innan kl. 9.00 den dagen barnet har fri/er sjuk.

## Måltid

Måltida er ein viktig del av dagen og ei fin anledning til å fremje fellesskapet, kommunikasjon og sosial tilhørsle til dei andre barna. I tillegg er måltida ei stund der vi senker tempoet og hentar påfyll til vidare aktivitetar. Barn og vaksne er samla rundt bordet.

Barnehagen held både frukost, lunsj og ettermiddagsmåltid. Til vanleg serverer vi grovt brød med sunt og godt pålegg og frukt og «grønt» til disse måltida, og vi legg opp til at barna skal få smøre på sjølv når dei klarar det. Det blir servert varm måltid minst ein gong i veka. Meny vert heng opp eller lagt ut på IST.

Ettermiddagsmåltidet består for det meste av frukt/grønsaker, men barna får også tilbod om litt brødmat/knekkebrød. Barna får servert mjølk og vatn til måltida. Vi ønskjer å fremme gode og sunne kostvaner hjå borna, noko som er eit viktig grunnlag for vidare vekst og utvikling.

## Bursdagsfeiring

Vi feirar bursdagane til borna i barnehagen. Barna får bursdagskrone, vi har bursdagssamling og barnet får velje dessert. Borna får då velje mellom smoothie eller fruktsalat med yoghurt.

## Sjukdom

Er borna sjuke må dei haldast heime. Det er først og fremst på grunn av smittefare, men også fordi det er slitsamt å vere i barnehagen, når ein ikkje er i form. Blir barn sjuk i løpet av dagen, kontaktar vi foreldra. Får barn oppkast eller diaré skal dei holdast heime i 48 timer etter at dei er symptomfrie. Dette er pga. smittefare. Husk å gi beskjed til barnehagen ved sjukdom-

# Kalender 2024-2025

AUGUST 2024		
man	12	Planleggingsdag
SEPTEMBER 2024		
tor	12	Foreldremøte
man	16	Brannvern
ons	25	Gammalfest
OKTOBER 2024		
man	7	Haustferie for skulane. Barnehagen open. Gi beskjed om fri.
tor	24	Haustbasar.
man	28	Planleggingsdag
NOVEMBER 2024		
DESEMBER 2024		
fre	13	Lucia
tor	19	Nisselfest
tir	24	Juleferie
ons	25	1. juledag
tor	26	2. juledag
fre	27	Romjul. Påmelding
man	30	Romjul. Påmelding
tir	31	Nyttårsaftan

JANUAR 2025		
ons	1	1. nyttårsdag
tor	2	Planleggingsdag
FEBRUAR 2025		
tor	6	Den samiske
man	17	Vinterferie for skulane. Barnehagen open. Gi beskjed om fri.
fre	28	Karneval / Fastelavn
MARS 2025		
man	31	Id al-fitr
APRIL 2025		
søn	13	Palmesøndag
man	14	Påske
tir	15	Påske
ons	16	Påske
tor	17	Skjærtorsdag
fre	18	Langfredag
man	21	2. Påskedag
MAI 2025		
tor	1	Arbeidernes dag
fre	16	Øving til nasjonaldagen
tor	29	Kristi himmelfartsdag
fre	30	Planleggingsdag
JUNI 2025		
man	9	2. Pinsedag
tir	10	Planleggingsdag
JULI 2025		
man	7	Feriestengt
man	28	Barnehagen open



# Kontaktinfo

**Marthe Lundemo**

marthe.lundemo @alesund.kommune.no

Verksemgsleiar Ålesund midtre

Telefon: 415 18 135

**Synnøve V. Folkestad**

Styrar

Telefon: 404 82 201

synnove.vassbotn.folkestad @alesund.kommune.no

**Oransje gruppe**

908 75 364

Pedagogisk leiar  
Barnehagelærer  
Fagarbeider  
Assistent  
Assistent

**Aase-Jorunn Bjørkelid**

**Eva Karin Håndlykken**  
**Lena Myrvoll-Lunde**  
**Andrea Dedic**

**Gul gruppe**

909 23 469

Pedagogisk leiar  
Barnehagelærer  
Fagarbeider  
Fagarbeider  
Assistent  
Assistent

**Jeanette Malene N. Juul**  
**Kristine Flisnes**  
**Linda Kristin Røvreit**  
**Camilla Strømland**  
**Grethe Louise E. Blindheim**  
**Andrea Dedic**

**Grøn gruppe**

909 06 529

**Yngve F. Byrknes** Pedagogisk leiar  
**Synnøve L. Bjermeland** Fagarbeider  
**Torstein D. Hansen** Assistent  
**Andrea Dedic** Assistent

**Blå gruppe**

908 31 562

**Brit Marit Indrestrand** Pedagogisk leiar  
**Emil Øren** Barnehagelærer  
**Gry Kaldhussæter** Assistent  
**Marita Steffensen** Assistent

## Samarbeidsutvalet - SU

**Jørgen Drabløs Grebstad**

jorgengrebstad@hotmail.com

foreldrerepresentant

Telefon: 481 49 899

**Ida Engelsen Lange**

idaengelsenlange@gmail.com

foreldrerepresentant

Telefon: 905 27 490

**Lise Iversen Bunsophon**

liseiversenb@hotmail.com

vara for foreldrerepresentant

Telefon: 922 67 204

**Ole-André Igesund**

Igesund@icloud.com

vara for foreldrerepresentant

Telefon: 930 28 020

**Eva Karin Håndlykken**

eva.karin.handlykken@alesund.kommune.no

ansattrepresentant

Telefon: 944 35 758

**Kristine Flisnes**

kristine.flisnes@alesund.kommune.no

ansattrepresentant

Telefon: 984 23 464